



Org. nr 986 214 208

Bontelabo 2

5003 Bergen

Bergen 16.02.2017

Samferdselsdepartementet

Nærings- og Fiskeridepartementet

RULLERING AN NASJONAL TRANSPORTPLAN- STADT SKIPSTUNNEL

Stortinget har i siste periode av Nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023 satt av 1 milliard kroner til Stad skipstunnel. Salmon Group meiner dette prosjektet er av enorm betydning for vår næring, og for andre brukarar av kysten.

Stad skipstunnel vil bli byrjinga for ei ny tidsrekning for ferdselen forbi Stadt, og sikre trygg, effektiv og føreseieleg trafikk for både nyttefart og turistfart.

For havbruksnæringa er Stadt eit naudsynt og kritisk passeringspunkt for brønnbåtar, fôrtransport og andre typar varefrakt. Ei trygging av denne etappen vil også gjere det langt meir aktuelt å flytte transport frå bil til båt.

Salmon Group vil gje tilkjenne vår fulle støtte til prosjektet, med ynskje om gjennomføring i komande fireårsperiode av Nasjonal Transportplan, 2018-2021.

Mvh

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Øyvind Kråkås'.

Øyvind Kråkås

Informasjonsansvarleg

Salmon Group AS

Tlf: 90 28 80 64

E-post: oyvind@salmongroup.no

www.salmongroup.no